



KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

Årsrapport 2014

NRK-journalist Ingunn Solheim fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2014. Ho er ein svært stødig språkbrukar, og sameinar dialekten sin og normert nynorsk godt, meiner juryen.

I den nye juryen, frå 2013 til 2017, er Håkon Haugsbø leiar. Han er kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp, og har med seg forfattar og journalist i Dag og Tid Agnes Ravatn og redaktør Svend Arne Vee i Firdaposten, i Florø.

I juni vart denne nynorskprisen delt ut for niande gong, men Ingunn Solheim er den tiande prisvinnaren.

Magni Øvrebotten

26.09.2014

KULTURDEPARTEMENTET SI NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR 2014



Ingunn Solheim og Agnes Ravatn (Foto: Terje Gilleshammer/NRK)

- NYNORSKEN GJER JOBBEN MIN LETTARE

- Nynorsk er vakkert. Vi som snakkar nynorsk i radio og tv blir ofte lagt litt ekstra merke til. Folk likar orda og tonen i språket vårt. Eg får ikkje kjeft for nynorsken min. Tvert i mot får eg ofte høyre at språket mitt er flott. Nynorsken gjer jobben min lettare fordi der finn eg dei enkle, gode orda, sa Ingunn Solheim då ho takka for Kulturdepartementet sin nynorskpris for 2014.

Prisen vart delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 27. juni, av jury medlem Agnes Ravatn.

Juryen meiner Ingunn Solheim er svært stø i språket sitt, og at ho kombinerer og balanserer dialekten sin og normert nynorsk godt. Trass i at ho ofte intervjuar politikarar på direkten, er det sjeldan at bokmålsorda og byråkratspråket snik seg inn, skreiv dei i fråsegna si. Agnes Ravatn trekte særleg fram direktesendingane under 22.juli-rettsaka i 2012 der programleiar Ingunn Solheim nytta kunnskapane sine, som både jurist og journalist, til å gjere juss-språket forståeleg for folk flest.

- Det offentlege ordskiftet er med på å danne grunnlaget for eit fungerande folkestyre. I jubileumsåret for Grunnlova er juryen stolt over å heidre ein

nynorskbrukande journalist med ei stadig meir sentral rolle i den opplyste debatten, sa juryen i grunngjevinga si.

- Eg må finne eit alternativ til ordet konsekvensutredning. Konsekvensutgreiing er ikkje så mykje betre, så eg seier heller "finne konsekvensane av oljeboring i nord". Eg leitar etter orda som alle forstår, sa Solheim.

- **Eg leitar etter orda som alle forstår.**

Kunstverket prisvinnaren fekk var laga av biletkunstnar Karen Helga Maurstig, eit japansk tresnitt med tittelen «Råk i is».

På prisutdelinga i Ørsta 27. juni – i programmet kalla «Medietimen» - underheldt Aasmund Nordstoga med song, dikt og tekstar av den fyrste moderne norske journalisten, Aasmund Olavsson Vinje. Mannen som sette ord på tvisynet og gjorde det til eit kjennemerke for god journalistikk.

Bakgrunnen til Ingunn Solheim

Fødd 1980, Førde i Sogn og Fjordane. Politisk journalist i NRK sidan 2011, og frå hausten 2014 programleiar for Debatten i NRK1. Ho har vore programleiar i valsendingane til NRK ved dei to siste vala, og var programleiar under direktesendingane frå 22. juli-rettsaka i 2012.

Ingunn Solheim byrja i NRK som nynorskpraktikant i NRK Sogn og Fjordane 19 år gamal. Etterpå tok ho ein bachelor i statsvitskap ved NTNU i Trondheim, og arbeidde jamsides studia i P3-nyhenda og Her og No på Tyholt.

Solheim var med i Kanal24 frå starten av, som journalist og programleiar, og då TV2 starta Nyhetskanalen tilsette dei henne som nyhendeanker. Ho slutta der for å studere juss og arbeidde i NRK mot slutten av studietida. Ingunn Solheim var ferdig utdanna jurist i 2011 og fekk fast jobb i NRK same året



Ingunn Solheim (Foto: Ole Kaland/NRK)



Frå venstre: Agnes Ravatn, Håkon Haugsbø og Svend Arne Vee (Foto: Randi Indrebø/NRK)

Ny jury 2013-17

I fjor haust peika Kulturdepartementet ut ny jury for prisen frå 23. september 2013 til 1. juli 2017. Håkon Haugsbø er leiar, han er kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp. Med seg i juryen har han Agnes Ravatn, forfattar og journalist i Dag og Tid, og Svend Arne Vee, redaktør i Firdaposten i Florø.

Leiaren for NRK Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten, er sekretær for juryen. Den oppgåva var departementet si gåve til Nynorsk mediesenter då senteret vart opna i 2004.

Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som brukar språket, og som er eit føredøme for andre. Prisen vert gjeven til ein dyktig journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i norske media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Vinnaren får 50.000 kroner og eit norsk kunstverk.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar har vore delt ut sidan 2006, og Ingunn Solheim er den tiande prisvinnaren. Den fyrste var Linda Eide, NRK.

Vidare har desse fått prisen: Kjell-Erik Kallset, Dagsavisen, Odd Reidar Solem, TV2, Ronny Brede Aase, NRK P3, Astrid Brekken, NRK P2, og Njord V. Svendsen, Bergens Tidende.

10 prisvinnarar
sidan 2006.

I 2012 delte Katrine Sele, Firda, og Hilde Sandvik, Bergens Tidende, prisen, og i fjor var det Christian Wiik Gjerde, i NRK Super, som fekk han.

Kulturdepartementets
**nynorskpris for
journalistar 2014.**



«Stas å få ein
pris for godt språk,
frå øvste hald»
Prisvinnar i 2006 Linda Elde, NRK

«Prisen gav meg
språkleg sjølvtilitt»
Prisvinnar i 2009 Ronny Breda Aase, NRK P3

«Å bli heidra for språket,
var stort og viktig for meg
som journalist»
Prisvinnar i 2008 Odd Røddar Solem, TV2

Kven får

Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar i år?

1. april er fristen for å kome med framlegg til prisvinnar. Framlegga må ha ei skriftleg grunngjeving og helst dømme på kva kandidaten er god for.

Føremålet med Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar er å fremje bruk av nynorsk i media, og å leggare ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen går til ein journalist som har utmerka seg i bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken innpass på nye område.

Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk. Ein eigen jury velkar ut vinnaren og prisen vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 27. juni.

Du finn meir om Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Har du spørsmål kan du sende dei til nynorskmediesenter@nrk.no eller ringe 970 55 201.

Merke framlegga «Nynorskprisen 2014», og send dei til nynorskmediesenter@nrk.no eller NRK Nynorsk mediesenter, boks 100, 6801 Førde.



KULTURDEPARTEMENTET

Den nye juryen ynskte å friske opp utlysinga av prisen og lyse meir på nett enn i aviser. Før om åra har det vore lyst mest i aviser, men med faste utlysingar på nettsidene til Kulturdepartementet, Nynorsk mediesenter, Journalisten og på Fjesboka. I år vart det i tillegg lyst på nettet i Bergens Tidende, Sunnmørsposten, Klassekampen, LNK-nytt, Framtida.no og med avislysingar i Journalisten, Dag og Tid og Klassekampen.

Fristen for å kome med framlegg var 1. april og det kom inn 20 framlegg om 18 namn til fristen. Lysing på nettet resulterte såleis ikkje i fleire framlegg, det kom inn i underkant av tidlegare år. Men det har i alle år vore solide namn og aldri

noko problem å finne verdige vinnarar. Juryen står også fritt til å gje prisen til namn det ikkje har kome framlegg om.

Grunngjevinga frå juryen:

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar 2014 går til Ingunn Solheim (1980), politisk journalist i NRK Nyhende. Ingunn Solheim får prisen for stødig bruk av nynorsk i si journalistiske gjerning. Ho er svært stø i språket sitt, og kombinerer og balanserer dialekten sin og normert nynorsk godt. Trass i at ho ofte intervjuar politikarar på direkten, er det sjeldan at bokmålsorda og byråkratspråket snik seg inn.

Ho er språkleg stilsikker i vekslinga mellom konfronterande spørsmål og avvæpnande kommentarar, og har ledig og trygt losa sjåarane gjennom to val. Ingunn Solheim var òg eit solid ankerfeste under direktesendingane frå 22. juli-rettsaka. Der nytta ho kunnskapane sine som både jurist og journalist til å gjere juss-språket forståeleg for folk flest.

Det offentlege ordskiftet er med på å danne grunnlaget for eit fungerande folkestyre. I jubileumsåret for Grunnlova er juryen stolt over å heidre ein nynorskbrukande journalist med ei stadig meir sentral rolle i den opplyste debatten.

Ingunn Solheim sin takketale i Ørsta 27.juni 2014:



Ingunn Solheim (Foto: Terje Gilleshammer/NRK)

Eg står her i dag og får ein pris for noko eg aldri har jobba særleg hardt for å få til. For nynorsk er ein del av meg. Nynorsken er ikkje eit alternativ til noko anna. Nynorsk er ikkje noko eg har valt. Nynorsk er ikkje noko eg har veldig bevisste

tankar om. Nynorsk er heller ikkje noko eg er spesielt stolt over at eg kan. For eg har jo alltid snakka og skrive nynorsk.

Men eg er veldig glad i nynorsken. Den gjer jobben min lettare fordi der finn eg dei enkle, gode orda. Eg må finne eit alternativ til ordet konsekvensutredning. Konsekvensutgreiing er ikkje så mykje betre, så eg seier heller "finne konsekvensane av oljeboring i nord". Eg leitar etter orda som alle forstår.

Jakta på alternative ord er også ein veg til kunnskap. Nokon har sagt at "Du kan ikkje noko hvis du ikkje kan seie det på minst to måtar".

Nynorsk er vakkert. Vi som snakkar nynorsk i radio og tv blir ofte lagt litt ekstra merke til. Folk likar orda og tonen i språket vårt. Eg får ikkje kjeft for nynorsken min. Tvert i mot får eg ofte høyre at språket er flott.

Når eg spør ein politikar om det er stor usemje i partiet, er det ikkje sjeldan at han eller ho startar å svare; jeg vil ikke si at det er stor usemje... før politikaren tek seg i det og må starte svaret på nytt. Nynorsk kan vere smittsamt.

Fordi nynorsken er så naturleg for meg, så er den også med på å gje meg sjølvtilitt. Å vere stø i språket i møtet med makta, er ein fordel. Sjølv sagt er det det.

Denne prisen hjelp på sjølvtilitten. Eg har fått ei god løypemelding om at eg ikkje er på ville vegar. Men eg skal navigere vidare og jobbe for å drive godt vedlikehald på vegen.

Eg skal lese Agnes Ravatn sine tekstar, høyre på Marta Norheim sine formuleringar og diskutere ordval med kollega Ingvild Bryn.

Eg står ikkje her og tek i mot ein pris for nynorsken og er heilt historielaus. Det har vore kjempa og det blir framleis kjempa for å ta vare på dette vakre, klare og fargerike språket.

Også eg kjenner på eit ansvar. Eit ansvar for å snakke rett. Bruke nynorsken godt. Snakke slik at folk forstår. Og eg kjenner eit særleg ansvar overfor yngre nynorskbrukarar som ser og høyrer på meg og legg til grunn at det eg seier er rett. Prisen er ein ekstra vekkjar for dette ansvaret. Eit ansvar eg tek med glede. Utan å ta lett på det.

Til dei unge som er i ferd med å finne sin nynorsk, har eg nokre få råd. Hald fast på det du kjenner er mest naturleg å seie eller skrive. Ver varsam med å bli for vaksen i språket ditt med lange og vanskelege ord. Hald deg unna synonymordboka bokmål – nynorsk så lenge du klarar. Konsekvensutgreiing er som sagt ikkje eit veldig mykje betre ord enn konsekvensutredning. Moglegskap er ikkje betre enn mulighet. Eg ser mange nynorskbrukarar som kavar for å finne eit ord som liknar på bokmålsordet og som er såkalla "lov" å seie på nynorsk. Det blir fort rotete, konstruert og tungt.

Så kvifor vart nynorsk mitt einaste alternativ og noko eg finn heilt naturleg?

Det er fleire grunnar, men det er særleg enkeltpersonar som er årsaka til det.

Då eg var lita, var alle barnebøker på nynorsk. Bakkebygrenda, boka om samejenta Marit Inga – og til og med Trond Viggo Torgersen si bok "Kroppen" var visst på nynorsk. Trudde eg. Tusen takk, pappa, for at du simultanoversette alle bokmålsbøkene du las for meg. Pappa har også vore språkvaskar, korrekturlesar og ivrig ordjeger heile vegen. Fleire netter, gjerne kl 03, tikka det inn korrekturleste kapittel under innspurten av masteroppgåva på jussen. Du har eit evig og døgnvilt engasjement for godt språk.

Takk, pappa.

19 år gammal fekk eg jobb i NRK Sogn og Fjordane – som einsleg nynorskpraktikant. Då var eg i trygge, nynorske hender. Det var der eg lærte journalistspråket og forstod kor viktig det er å snakke rett – og kor mykje bråk det kan bli om du seier noko feil. Takk til alle i Førde som oppmuntra og rettleia. Men den største takken går til Magni Øvrebotten. Gjennom åra har ho lagt sine venger rundt fleire av oss, juryleiar Håkon Haugsbø er ikkje noko unntak. Og du slepp visst aldri heilt taket. Du løftar oss fram der du kan, minner oss på kor viktig nynorsken er, du har stabla på beina den viktigaste rekrutteringsbasen for gode nynorskbrukarar til NRK gjennom Nynorsk Mediesenter. Vi som trur vi har lært oss å flyge sjølv, veit så inderleg vel at du alltid vil ta i mot og oppmuntre oss, dersom vi hamnar i ein bølgedal. Det gjer oss trygge. Takk, Magni.

Så gjenstår det å takke juryen for fine ord i grunngjevinga. At byråkratspråket ikkje har festa grepet i meg, er særleg gledeleg å høyre. Takk også for flott kunstverk og prispengar.